



# HALLINGDAL



Eit prosjekt i utviklingsprogrammet for byregionar – ByR  
"Samspel og regional vekstkraft i Hallingdal»

## 1. Utviklingsprogrammet for byregionar – ByR

### Nasjonale mål med programmet

Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) har etablert eit utviklingsprogram for byregionar (Byr). Gjennom programmet ynskjer departementet å legge til rette for positiv utvikling i byregionar i heile landet. 33 byregionar er teke opp i programmet si fase 1, deriblant Hallingdal.

Byregionprogrammet skal i fase 1 auke kunnskapen om samspel mellom by og omland og regionane sitt næringsmessige potensiale og vekstkraft. Det er eit mål at den auka kunnskapen skal bidra til strategiar og tiltak som styrkar heile regionen.

Det skal skje gjennom etablering og konsolidering av samarbeidet internt i regionen, kunnaksinnhenting og samfunnsanalysar og val av tema som den enkelte region ynskjer å arbeide vidare med.

- kunnaksinnhenting
- samarbeid i regionen
- identifisering og val av tema som deltagarane ynskjer å arbeide med.

## 2. Prosjektmål for Hallingdal

Det overordna og langsiktige målet for arbeidet er å skapa ein moderne og utviklingsorientert region og utvikle alle delar av Hallingdal med attraktive tettstader, som er klar til å møte framtidas mogelegheiter og utfordringar.

I ein slik samanheng må det og definerast ulike rollar som kommunane kan ta, og som i sum gjev ønska utvikling for Hallingdal. Utviklingsprogrammet må samordnast med Strategisk plan for Hallingdal.

Prosjektet er ikkje eit kommunereform-prosjekt, men kunnskap som kjem fram i denne utgreiinga vil vera relevant for seinare arbeid relatert til kommunane sitt utgreiingsansvar. Hallingdal sin inngang til programmet er definert litt annleis enn samspel mellom by og omland, ut frå at Hallingdal ikkje har nokon by eller definert regionsenter. Men ein del av analysearbeidet skal vera å få vurdert fordelar/ulemper med eit definert regionsenter eller med ei form for «fleirkjernestruktur», som Hallingdal har i dag. I eit slikt arbeid må det og analyserast kvifor Hallingdal er annleis enn andre distriktsregionar i forhold til ein del utviklingstrekk.

Prosjektet har som mål å styrke heile regionen sin attraktivitet for eksisterande bedrifter og innbyggjarar og potensielle nytableringar og tilflyttarar. Regionen har mykje kunnskap, men aktørane må i langt større grad dele og utfordre kvarandre.


## 3. Bakgrunn

Hallingdal utgjer kommunane Flå, Nes, Gol, Hemsedal, Ål, og Hol og er ein av regionane i Buskerud fylke. Hallingdal er ein klart definert bu- og arbeidsmarknadsregion. I 1837 var det tre kommunar i regionen, Nes, Gol og Ål. I perioden fram til 1905 vart Hol skilt ut frå Ål, Hemsedal frå Gol og Flå frå Nes. Dagali, som tidlegare høyrde til Uvdal, vart i 1944 ført over til Hol.

Regionen høyrer til dal- og fjellområda på Austlandet, med eit samla areal på 5840 km<sup>2</sup>. Om lag 70 % av arealet ligg meir enn 900 m.o.h., 26 % 1200 m og høgare, og berre om lag 10 % ligg lågare enn 600 m.o.h. Vel 19 % er produktiv skog, 2 % er

jordbruksareal, resten er fjell og fjellvidder og 363 km<sup>2</sup> vatn.

Bergensbanen og Rv.7 går gjennom hovuddalføret. Frå Gol går Rv 52 gjennom Hemsedal til Sogn. Rv. 50 går frå Hol til Aurland. Frå Gol går Rv.51 til Valdres og Rv.40 går frå Geilo til Numedal.



#### 4. Tal trendar og utvikling

Tal og statistikk gir eit innblikk av nå situasjonen. Saman med hovudtrendar i samfunnsutviklinga kan dette vere med å gje tankar om vegval for framtida. Kunnskapsgrunnlaget skal omfatte analyser av ma.:

##### Befolking og bu- og arbeidsmarknad

- Demografi, folketalsutvikling, prognosar
- Befolkningsstruktur, - utvikling og flyttemønstre
- Arbeidsmarknad og pendling, endring
- Utdanning

##### Næring

- Næringsstruktur
- Arbeidsplassar, arbeidsplassindeks
- Næringsutvikling og næringsdynamikk
- Nyetableringar, lønsemd, vekst

##### Region, kommune, tettstad

- Hallingdal si plassering på nasjonale rangeringstabellar
- Interaksjon med omlandet, som kommunikasjonsknutepunkt, handelssenter, utdanningssenter, kultursenter, administrasjonssenter, senter for reiseliv
- Kommunal økonomi

### 3 Samfunnsanalyse , innhold og metode

Prosjektet har til hensikt å få på plass ein solid og anvendeleg kunnskapsbase om Hallingdal og kva den einskilde kommune har å seie for kvarandre og sitt omland. Med utgangspunkt i kunnskapsbasen skal det identifiserast saksområde, strategiar og tiltak som kan vidareførast i ein fase 2.

Prosjektet sin fase 1 kan overordna delast inn i følgjande problemstillingar og analyseoppgåver:

- 1.a Korleis kan me forstå regionforstørring og regional vekstkraft?
- 1.b Analyse av befolkning og bu- og arbeidsmarknad
- 1.c Analyse samhandling, eks. tema
  - Kva er dei viktigaste ressursane og fortrinna i kommunane som utgjer Hallingdal som region.
  - Kva er dei mest vellykka regionale tiltaka og kva føresetnadar byggjer dei på.
  - Kva er «flaskehalsane» som hindrar samarbeid og samspele?
  - Korleis kan samspelet og politiske beslutningar påverke grunnlaget for utvikling i Hallingdal?
- 1.d Analyse fordelar/ulemper med eit definert regionsenter eller med ei form for «fleirkjernestruktur», som Hallingdal har i dag  
Kvífor Hallingdal er annleis enn andre distriktsregionar i forhold til ein del utviklingstrekk.  
Spørsmål og vurderingar vil m.a. vera i forhold til:
  - Kva samarbeidar kommunane om og korleis (ref. pkt. 1c)?
  - Kva hemmar og fremjar innovasjon, samspele og utvikling?
  - Den enkelte kommune sin rolle i forhold til dei andre kommunane og Hallingdal som region
  - Kva er dei viktigaste regioninterne og eksterne drivkraftene som påverkar den regionale vekstkrafta?
  - I kva grad og på kva måte har positiv utvikling i ei kommune påverka andre kommunar eller Hallingdal som region?
  - Korleis kan me samarbeide for at vekstkrafta i ei kommune i endå større grad og i endå større geografisk utstrekning, bidreg til ei positiv utvikling i Hallingdal

**Tema 1**  
Demografiske strukturar, dynamikk og utvikling

**Tema 2**  
Senterstrukturar, tenesteforsyning og arbeidsmarknad

**Tema 3**  
Næringsstruktur, utviklingsprosessar og potensiale

**Tema 4**  
Institusjonell samhandling

**Tema 5**  
Infrastruktur og transport

**Tema 6**  
Samarbeid og samordning innan samfunns og næringsutvikling

#### Vurdering av samspele og heilskap, med tilrådingar:

- Sammenheng mellom tema
- Framtidig utviklingspotensial

Figur: Alternativ skisse heilskapleg samfunnsanalyse

**2 Etablering av samarbeid, val av saksområder, strategiar og tiltak**

I fyrste fase av arbeidet skal følgjande gjennomførast:

- Samfunnsanalyse/rapport som m.a. omhandlar:
  - o Kva veit vi, statistikk og kvalitative data
  - o Kva er viktig og kva kan påverkast
  - o Analyse av utvikling og ståstad (kva betyr du for meg/eg for deg)
  - o Avdekke drivkrefter og barrierar som grunnlag for strategiar
  - o Kva hindrar samhandling
  - o Vurdere/synleggjera økonomisk samhandling i dag og mogelegheiter for samhandling som kan vera med å sikre vekst i heile regionen.
  - o Få vurdert fordelar/ulemper med eit definert regionsenter eller med ei form for «fleirkjernestruktur», som Hallingdal har i dag. Kvifor Hallingdal er analleis enn andre distriktsregionar i forhold til ein del utviklingstrekk.

Som eit resultat av fyrste fase vil det vera aktuelt å utforme ein handlingsplan for fase 2, utforma og forankra hjå samarbeidspartnerane. Prosjektmåla i fase 2 vil bli klargjort gjennom arbeidet med ein eventuell handlingsplan.

Knut Arne